


Geisdalen.

Etter befaring i Geisdalen må en si seg enig i den foreliggende rapport, som ligger ved.

Oslo, den 23.juni 1977

  
Joar Børstad  
Joar Børstad,  
tekn. konsulent

Synfaring den 14.5.77 ved tekn. konsulent Børstad, Naturskadefondet og kommuneingeniør Hjelle, Årdal kommune på rasfarlege stader der det for ein del kan trengast sikringstiltak.

1. Lysa: Under synfaringa hadde ein med korrespondansen av NVE der overring. Bjarbøk i grove trekk gjev planar for sikring. Børstad meiner sikrings-tiltaket mot Lysa er ei typisk vassdragssak, og tykkjer det er rart at fagsjef Andersen skyver den over på Naturskadefondet. Børstad ber om å få tilsendt nemnde korrespondanse frå NVE. A. Hjelle ordnar dette.

2. Vollene, steinsprang 25. mars 77: Raset gjekk frå fjellet bak tomtene til Odmund Kleiven og Helge Asperheim og Sverre Kleiven ved Vollevegen. Ein stein gjekk forbi sistnemnde hus, over Vollevegen og inn på Westerheims tomt.

Her er det nogeleg å leggja opp ein sikringsvoll av massar på staden i utkanten av dyrka mark mot nord i tilknytning til større steinblokker .

3. Geisdalen - ras 5. - 6. mai 77: Herr Børstad fekk overlevert notat datert 10.5.77 av A. Hjelle og rapport med enkel situasjonsskisse, 13.5.77 av P. A. Gundersen. Deretter vart det teke synfaring innover dalen til tunnelmunningen og fangdamen. Børstad er sand i dei planar det er opplagt til med fjerning av massane bak fangdamen, reparasjon av denne og opprydding av tre og kratt som raset har ført med seg nedover elveløpet. Han var sand i at det hastar med å få arbeidet gjort, så får ein sjå kva dette vil kosta. Han kunne elles ikkje nå ta noka stode til om Naturskadefondet kan delta i dette. Men ASV bør i alle fall halda kostnadene med oppryddings- og reparasjonsarbeidet nede ved fabrikkområdet - tipplassen spesifisert.

4. Sikringsvollen i Vassbugen: Ein såg på forlenging av vollen oppover (sydover). Der herr Børstad i sin rapport av 16.5.1972 tilrådde å lenga vollen ca 50 m sydover vert den nå lenga heilt opp til snuplassen på Kyrfossvegen ca 100 m. På staden vart ein sand om at den bør lengast ytterlegare ca 30 - 40 m opp til utfylling ved snuplassen på Skåravegen.

Når det gjeld salmoden til Ole T. Løgreid om å få utlagt 3 - 4 tomter nedanfor den forlengte vollen ved Markavegen så kan ikkje Børstad sjå nokon fare i å bygga på dette området etter at sikringsvollen er ferdig. A. Hjelle